

## **Protokoll frå møte i Vest-Telemarktinget 28. april 2015.**

### **Sak 01/2015 Opprop**

Fyresdal kommune: Erik Skjervagen, Siw Berve, Helge Veum, Ketil Kiland

Kviteseid kommune: Torstein Tveito, Halvor Nyland, Tarjei Gjelstad, Øystein Tveit

Nissedal kommune: Halvor Homme, Øyvind Tveit, Anne-Nora Oma Dahle, Sverre Sæter

Seljord kommune: Jon Svartdal, Jan Torbjørn Sollid Tveit, Kari-Gro Espeland

Tokke kommune: Hilde Alice Vågslid, Kjell Magne Grave, Brit Houge

Vinje kommune: Arne Vinje, Jon Rikard Kleven, Børre Rønningen, Anders Sandvik.  
I tillegg møtte plan- og økonomisjef Gry Åsne Wienenga

Frå administrasjonen møtte Ole Dalen og Kjell Gunnar Heggenes.

Innleiingsvis orienterte dagleg leiar Halfdan Haugan nærare om Fyresdal Næringshage. I alt 16 selskap held til i næringshagen og desse sysselset i alt 44 personar. Næringshagen vart offisielt opna 28. august i fjor, og ein planlegg alt no det neste byggetrinnet.

### **Sak 02/2015 Godkjenning av innkalling og sakliste.**

*Vedtak: Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent, og regionordførar Jon Svartdal leia møtet.*

### **Sak 03/2015 Val av 1 person til å skrive under protokollen i lag med regionordførar.**

*Vedtak: Til å skrive under protokollen i lag med regionordførar vart valt: Erik Skjervagen.*

### **Sak 04/2015 Godkjenning av årsmelding og årsrekneskap for Vest-Telemarkrådet 2014.**

Administrasjonen orienterte nærare om årsmeldinga og årsrekneskapen, og det vart stilt spørsmål omkring differensar mellom budsjett og rekneskap.

*Vedtak: Vest-Telemarktinget godkjenner det framlagte forslaget til årsmelding og årsrekneskap for Vest-Telemarkrådet 2014.*

### **Sak 05/2015 Val av revisor.**

*Vedtak: Som revisor for rekneskapsåret 2014 vart valt Telemark Kommunerevisjon. Samrøystes.*

### **Sak 06/2015 Orienteringssaker**

Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar - orientering ved leiar i landsstyret Torfinn Opheim. Torfinn Opheim orienterte om LVK og gjekk nærare inn på nokre av dei viktige sakene organisasjonen arbeider med.

Vest-Telemark vidaregåande skule. Kva programområde har regionen bruk for, og kva utfordringar ser vi for helsefagarbeidarfaget i regionen ? Lars Torstein Momrak orienterer.

Lars Torstein Momrak viste til at det er god søkning til neste skuleår. Til helse/omsorgsfaget er det 24 søkjarar, noko som inneber at kommunane må tilby fleire praksisplassar. Det kom positive tilbakemeldingar omkring dette på møtet, og kommunane må melde tilbake kor mange plassar kvar enkelt kan tilby.

Programområdet media/kommunikasjon blir endra frå skuleåret 2016 slik at faget skal gje formell studiekompetanse. Lars Torstein signaliserte ynskje om å bygge service/samferdsel inn i dette faget slik at det blir både yrkesfag og studieførebuande fag.

På spørsmål om kva programområde ein ser behov for i regionen, kom det innspel om merkantile fag og fag knytt til turisme.

Med bakgrunn i den komande nedgangen i elevtalet, er rekrutteringa særskilt viktig for å behalde studieprogramma i distriktet.

Kommunereformen, status i regionen.

Kjell Gunnar Heggnes orienterte kort frå arbeidet med regionreformen. Naudsynte vedtak er no gjort i alle kommunane, og forprosjektet skal greie ut fylgjande:

- Mogleg samanslåing av Seljord, Kviteseid og Nissedal
- Mogleg samanslåing av Fyresdal og Tokke
- Vidareføring av dagens kommunestruktur med eit utvida samarbeid

*Vedtak: Vest-Telemarktinget tek dei ulike orienteringane til vitande.*

#### **Sak 07/2015. Disponering av grunnfondsmidlar**

Det låg føre ekstra sak om disponering av grunnfondsmidlar til aksjeutviding i Vest-Telemark Næringsbygg i samband med finansiering av framtidige næringshagar.

Saken var handsama i Vest-Telemarkrådet 24. april og var ettersendt Tingets medlemmer kort tid før møtet. Eit forslag frå Børre Rønningen om utsetjing av saken fall mot 3 stemmer.


Det vart gjort slikt vedtak:

*"Vest-Telemarktinget vedtek å utbetale 6 mill kroner i grunnfondsmidlar til kommunane i regionen. Midlane vert fordelt etter ein fordelingsnøkkel som går fram av "Revidert konsesjonskraftbudsjett for år 2010" frå Konsesjonskraftstyret.*


*Utbetalingane er endelege og utan verknad ved mogleg oppløysing av Vest-Telemarkrådet.*

*Det er ein føresetnad for dei enkelte utbetalingane at alle kommunane gjer vedtak om utbetaling og at midlane vert nytta til aksjeutviding i Vest-Telemark Næringsbygg."*

Vedteke med 17 mot 3 stemmer.



Jon Svartdal  
Ordfører Seljord  
Regionordfører



Erik Skjervagen  
Ordfører Fyresdal